

Sørstrand Folkepark – Årsmelding 2020

SØRSTRAND FOLKEPARK

Sørstrand Folkepark har som føremål å utvikle friområdet sør på florelandet, til eit område for aktivitet og rekreasjon for ålmenta. Innsatsfaktorane er frivillig arbeid og økonomiske gåver frå ulike offentlege og private kjelder. Foreininga er uavhengig, upolitisk og drivast på ideelt grunnlag. Den er registrert i Frivilligregisteret i Brønnøysund og pr. 31.12.20 hadde 210 registrerte medlemmar. Medlemskapet kostar kr.200 kroner for privatpersonar og kr.300.- for familiar. Som medlem har ein møte- og stemmerett på årsmøtet.

GÅVER- TILSKOT I 2020 😊

Norsk Tipping (grasrotandelen): kr 23563

Sparebanken Sogn og Fjordane: kr 30000,-

Gjensidige: 424 kr

Vi er taknemlege for alle gåver og styrar dei mot ulike prosjekt i området etter kvart som parken utviklar seg.

For 2021 vil vi mota kr.100.000.- frå Kinn kommune til å drifte parken basert på inngått avtale om drift og vedlikehald av området, og bygningane her. Vi skal da og drive kiosk i servicebygget. Vi er og i dialog med lokale bedrifter for årlege bidrag til drift.

INVESTERINGAR OG DRIFT

Det har i år vært fokus på å få oppstart på det nye servicebygget og verkstadbygget. I tillegg til å legge til rette for etablering av sti bort til svabergene på sør. Her har vi lyktes 100 %

Større investeringer: Kinn kommune(service hus): kr 300000 - Grusing beredskaps veg Avinor: kr.45700,- - Nye griller kr.108.500.-

Utdrag frå saker behandla i styret.

- Verving av støtte-medlemmer
- Utvikling av internettsider
- Utvikling av grill plasser ved badestranda
- Skilting av veger og rasteplassar
- Dugnadsprosjektet på marker, badestrand og i skogsområde
- Samarbeid med Avinor

DUGNADSARBEIDET

Den frivillige innsatsen har vore nøkkelen til suksess i arbeidet med Sørstrand Folkepark. Dette famnar alt frå prosjektering, søknadar om tilskott, administrasjon, synfaring til ulikt førefallande arbeid som til dømes reinsking av tang, slåttonn og rydding i krattskogen. Så er reparasjon av skader på bord og bygningar blitt en nødvendig del av dugnadsarbeidet.

Foreininga håpar å kunne engasjere fleire som vil ha godt av både det sosiale samværet og mosjonen som dette arbeidet har å tilby. Vidare ser ein føre seg at ulike lag og skular som brukar parken flittig ør utfordrast til ulikt dugnadsarbeid, som til dømes rydding og tilsyn for å verne om det som er skapt.

PROSJEKTARBEID I 2021 OG 2022

Styret arbeider med fullføring av servicebygg, verkstadbygg og sørsidestien. Når dette er ferdig vil en fokusere på planmessig forvaltning, drift og vedlikehald av hele området før en går i gang med nye prosjekt som krever dugnadsoppfølging. Så arbeider vi alltid med fleire mindre arbeider og tilretteleggingar med lav kostnad. Det er og et mål å få volleyballbana tilbake i god standard. Et annet viktig prosjekt vil bli etablering av grupper som ved sin tilstedeværelse bidrar til å holde området og bygningane innbydande for alle brukere av Sørstrand folkepark.

SANITÆRBYGG

Det er oppretta et eige husstyre leda av Kari Slettvåg. Styret skal organisere drifta rundt servicebygget som i hovudsak er et servicebygg for besøkande på Sørstrand.

REGNSKAPET FOR 2020

Resultatregnskapet for 2020 viste eit underskot på kr28.144.-som er føreslege overført frå annan eigenkapital. Eigenkapitalen utgjorde 1.179.112.- pr. 31.12.2020

ADMINISTRATIVT

Det vart helde 9 styremøte i 2020. Dei viktigaste sakene er omtala her i årsmeldinga. Det er ingen tilsette i foreininga og styret har inga godtgjersle for arbeidet. ECIT er regnskapsfører og vi har valt bort revisor.

Florø, 10.05.2021

Jan Henrik Nygård

Styreleiar

Knut Roald

Nestleiar

Ole Martin Bøhn

Styremedlem

Leni Notø

Styremedlem

Irene Hjorthol

Styremedlem

Magne Hovland

Styremedlem